

Haugland Felles

Bøvågen 24 april 2019.

Landbrukskontoret

Radøy Kommune

Vedlegg til søknad om landbruksveg, Akstadneset

Historikk

Ved utskiftingsforretning i 1888 er område nord for 12 linje omtala som fellesområde for sjøbruk for gard 25 på Haugland. Det var planlagt veg ned i vågen men denne vart ikkje bygd.

Det vart seinare søkt om veg og i 1974 godkjende Teknisk kontor 255 m veg frå bruk8/12 ned i Hauglandsvågen. Vegen vart påbyrja men ikkje ferdig før ca.1982, då med ein ombygning, sak 403/82. Vegen vart ført fram til naust tilhøyrande br.nr. 4, 8,10,11,13 og 46. Arbeidet vart gjord som dugnad. Frå der vegen på kartet sluttar i dag og nord til Akstadneset var ei naturleg renne i fjellet som vart steinsett med massar frå naustetomtar som vart sprengt ut på den tida. Nausta nord på neset var i ein periode lite nytta med det resultat at traseen grodde att. Flyfoto frå 2001 visar konturane av traseen. Dokumentasjon frå dei som bygde, søknader til kommune og aktuelle svar er ikkje å oppdriva. Ein kan såleis ikkje leggja fram aktuelle søknadar og godkjenningar på dette arbeid.

Vegen i vedlegg som er merka grøn er delen som vart søkt om, og godkjend i 1974, 255m. Den raude delen er den omsøkte på 230 m, med snuplass i enden, og blå som er ny veg til nothuset. Total lengde vert 460m. Alle vil med dette få ein godkjent vegtilkomst til sine naust.

Interessa for sjøen og fiske er aukande og fellesskapet har ynskje om at forholda ved sjøen vert ordna for fellesskapets beste og for neste generasjon som skal ta over. Dette gjeld og den delen av felleseiga som nothuset står på. Det er planar om å reparera huset, men tilkomsten gjer det til ei stor utfordring. Ein kunne tenkt seg ein avstikkar frå traseen som søkt om og ned til huset. Her må sprengast ei skjæring med lengde på ca. 5m, maks høgde 1m, og breidde på 2,5m. Sprengte massar nyttast til utfylling ved nothuset. Total lengd vert 9-10m. Arild Sætre, kulturverntenesta hjå Museumssenteret i Hordaland har vore på synfaring og meiner dette er eit bygg å ta vare på.

Konklusjon

Søker her om å få vegen heilt nord til Akstadneset, snuplass og avstikkar til nothus godkjent som landbruksveg.

For Haugland Felles

Arne S. Haugland